

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 25.6.2010  
**Stad:** Ål, Ål kommunehus

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

### Desse møtte frå Rådmannsutvalet (sak 37 - 40)

Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Bjørgulv Noraberg,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Gabriel Johannessen,	Hemsedal kommune
Else Horge Asplin,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktar Laila Tryde og Trond Johansen og regionkontakt Terje Moen. Hilde Reine, Buskerud fylkeskommune, deltok i sak 38/10.

---

### SAK 33/10 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 28.5.2010 og 30.4.2010

#### Vedtak

Møteprotokoll 28.5.2010 og 30.4.2010 vart vedteke.

### SAK 34/10 HALLINGKOST - NORSK FJELLMATSENTER, SØKNAD OM TILSKOT

#### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 200.000 til Hallingkost i samband med etablering av Norsk Fjellmatsenter.

Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.

### SAK 35/10 FORPROSJEKT FOR ETABLERING AV STUDIESENTER FOR HALLINGDAL, SØKNAD OM TILSKOT

#### Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd inntil kr. 140.000 til forprosjekt for etablering av studiesenter for Hallingdal, avgrensa til maks. 45% av forprosjektkostnadane. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.
2. Regionrådet for Hallingdal ber om at alternative modellar for eit studiesenter blir vurdert, der det også blir teke omsyn til allereie etablerte kurstilbydarar i Hallingdal.
3. Regionrådet ber om at det blir gjort vurderingar/avklaringar i forhold til Buskerud fylkeskommune si satsing på livslang læring, korleis dette vil passe inn, og Hallingdal karrieresenter sin rolle.

4. Regionrådet for Hallingdal ynskjer at ordførar Olaug Grønseth Granli kan vera representant for Regionrådet i arbeidsgruppa til forprosjektet, med ordførar Gerd Eli Berge som vararepresentant.
5. Prosjektet bør profilerast som eit regionalt prosjekt med ein klar Hallingdalsprofil.

#### **SAK 36/10 HALLINGDAL FOTBALLKLUBB, ORIENTERING OM STATUS OG MOGELEGHEITER**

Arve Rustberggard som leiar i styre for Hallingdal Fotballklubb orienterte om HFK, status og moglegeheiter.

Totalt er det no ca. 135 spelar i HFK. Klubben har 1 hovudtrenar og 4 hjelpetrenarar.

Baneleige har vore eit tema som HFK tidlegare har drøfta med Hallingtinget/Regionrådet. Når det gjeld baneleige på Hallingmo har Gol kommune vedteke å dekke inntil 35.000 kr. pr. år frå 2009 til 2013. Dette utgjer i størrelsesorden 40% av kostnadane. HFK ynskjer at det blir vurdert eit tilsvarende samla tilskot frå dei andre kommunane. Argumentasjon for dette er at dei som trenar på Hallingmo kjem frå heile Hallingdal og at kommunane i Hallingdal lar idrettsutøvarane trene gratis på kommunale anlegg.

Arve Rustberggard tok og opp som tema, om kommunane i Hallingdal kunne drøfte å vera sponsor for HFK. Klubben håpar at Regionrådet ser på HFK som ein interessant medspelar for å profilera Hallingdal mot både ungdom, innbyggjarane generelt og næringslivet spesielt. Regionrådet vil drøfte nærare innspela frå Hallingdal Fotballklubb.

#### **SAK 37/10 LABORATORIETENESTER FOR HALLINGDAL, FØREBELS VURDERING**

Hege Mørk og Knut Arne Gurigard orienterte om arbeidet i forhold til vurdering av alternative løysingar for framtidige laborietenester for Hallingdal.

Arbeidsgruppa fekk klarsignal til å arbeide vidare med skisserte løysingar.

#### **SAK 38/10 VASSREGION HALLINGDAL, FORSLAG TIL PROSJEKTORGANISERING**

##### **Vedtak**

1. XX kommune gir sin tilslutning til å setja i gang planarbeidet for vassregion Hallingdal.
2. XX kommune gir sin tilslutning til at Regionrådet for Hallingdal tek på seg ei vertskapsrolla for vassregion Hallingdal, og at Regionrådet for Hallingdal i samarbeid med Krødsherad kommune og rådmannsutvalet får fullmakt til å organisere planarbeidet.
3. XX kommune gir sin tilslutning til framlagt finansieringsplan der xx kommune sin del er kr.....
4. XX kommune løyver kr ....som kommunen sitt bidrag for 2010.
5. Regionrådet for Hallingdal får i oppdrag å arbeide vidare med delfinansiering frå fylkesmannen og fylkeskommunen i tillegg til andre aktuelle aktørar.

Hege Mørk og Knut Arne Gurigard klargjer sak for kommunane, der det blir vurdert nærare kva som er ei mest korrekt kostnadsdeling.

#### **SAK 39/10 OPPFØLGING AV HALLINGTINGET SITT VEDTAK SAK 04/10**

##### **Vedtak**

Saka vart utsett til neste møte.

**SAK 40/10    EVENTUELT**

- Hege Mørk orienterte om status Hallingdal Krisesenter og aktuelle framtidige lokalar.
- Rekruttering som tema på Hallingtinget

Ål 3.7.2010  
Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar